




# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

B. D. Bødker, B. Haukanes, A. R. Hauge, J. Bruvik



## Loppemarknad på barneskulen



I forbindelse med FN-markeringa, arrangerer borna som går på Kompis loppemarknad til inntekt for skulen Samnanger Faith Academy, som ligg i Lusaka i Zambia. Denne skulen tilbyr grunnskuleopplæring («Primary school») til fattige

og foreldreleaste born i slummen Kanyama. Skulen, som no har om lag 215 barneskuleelevar og førskuleelevar («Babyclass»), blir drifta gjennom Samnanger kyrkjelyd.

I tillegg til loppemarknaden blir

det lotteri med fine premiar, tippekurransse og bord med sal av kaker (også glutenfritt og melkefritt) og kaffi/soft.

All inntekt går direkte til Samnanger Faith Academy i Zambia!

## Vil du hjelpa?

Onsdag er kort dag på skulen, og dermed også Kompisdag i kyrkja på Haga. Her kan borna koma og leika, spela spel, laga kreative ting, få leksehjelp og eta eit varmt måltid i lag etter skulen. Per no går det omlag 40 born på Kompis, og det er 5 vaksne som er med

frivillig desse onsdagane. Det er alltid kjekt med fleire hjelpande hender, så viss du har lyst å vera med desse kjekke borna ein onsdag eller to i månaden, så er du hjarteleg velkomen til det. Det er berre å ta kontakt med kyrkjekontoret.



## Helgemesse med open kyrkje



Foto: Jarle Hvidsten



Skal du stella eller kveikja lys på ei grav helgemesse? Då kan du koma innom kyrkja for ei stille stund, om du vil. Ådland kyrkje vil vera open frå klokka 12 første søndagen i november. Her kan du sitja i kyrkjebenken og høyra på roleg musikk eller tenna eit lys i lysgloben for den du saknar viss du vil det. Det vil vera nokon frå diakoninemda til stades under samlinga, om du treng nokon å snakka med. Om kvelden vert det minnegudsteneste, der me minnast alle dei som er gått bort sidan sist helgemesse. Namna vert lesen opp, og det vert tent eit lys for kvar av dei. Alle som vil er velkomen til å delta, også sjølv om du ikkje har mista nokon siste året, men berre vil vera med på markeringa.

### Frå kyrkjeboka



#### Døypte

23.juni

Bentley Reistad Herfindal



#### Vigde

31.august

Vetle Vikne Sandvik & Michelle Velure Sandtorv



#### Gravlagde

19.juni

Atle Hammersland

14.august

Alis Maud Waage

16.august

Sigmund Hodne

21.august

Are Næss

11.september

Erling Marken

27.september

Tordis Konstanse Holmefjord

2.oktober

Johannes Tveiterås

4.oktober

Amund Holdhus